



Sirdal kommune

Enhet for kultur og fritid

06/01863-89

B

STATENS KARTVERK

Postboks 600 Sentrum

3507 HØNEFOSS

DERES REF:	VÅR REF:	SAKSBEHANDLER:	ARKIVKODE:	DATO:
	18433/2020 - 2010/165	Guðrun Kristine Ovedal	L32	17.12.2020

KLAGE PÅ VEDTAK I NAVNESAK 2015/14 DEL 6 - SKRIVEMÅTE DONSEN I SIRDAL KOMMUNE

Syner til vedtak i namnesak 2015/14 del 6, der det framgår at Statens kartverk har gjort vedtak om skrivemåte av ein del namn i Sirdal kommune, som inngår i pågåande adressesak.

Sirdal kommune vil hermed påklage vedtak som gjeld skrivemåte for stadnamn **Donsen**.
Stadnamnet inngår i adressenamn: **Donseknuden**

Statens kartverk har gjort vedtak om at den riktige skrivemåte for offentleg bruk er: **Dunsen**.

Dette er òg tilrådinga frå Språkrådet, og dei synar til at Særheim forklarar namnet som *duns*, som tydar *dunst/damp* eller *dump lyd*. I vurderinga er det lagd vekt på at det er denne skrivemåte, med u, som er mest i tråd men namnets betydning.

Skrivemåte med o, er brukt i økonomisk kartverk frå 1969, men det er ikkje funne anna skriftlege belegg med denne skrivemåte i offentleg bruk.

Sirdal kommune vil hermed påklage dette vedtak, med følgjande grunngjeving:

- **Den lokale uttale** av stadnamnet er *Donsen*, med trykk på o-lyden. Dersom namnet skal skrivast med u, så vil dette kunne føre til ei uheldig utvikling av ordet, og ein får ikkje ivaretatt den lokale uttalen slik som hensikta vår er med å bruke dei i adressenamn. Ein skrivemåte med u, vil etterkvart gje ei uttale med u – dette vil bli framande og ikkje i samsvar med tradisjon og lokal uttale.
Namnets opphav er *dunst*, eller *damp/luftstraum*. Den nedarva, lokale uttale av desse orda er *dons*, og ein kan ikkje sjå at ein tilsvarande skrivemåte vil leggja noko skygge for meiningsinnhaldet av ordet.
- **Tidlegare skrivemåte:** Frå økonomisk kartverk, 1969, var skrivemåte *Donsen*. I fleire andre skriftlege kjelder har ein òg nytta denne skrivemåte, m.a. i bygdebøkene *Sirdal Gard og ætt*.
- **Kulturhistorie:** Staden *Donsen* er viktig i lokalhistorisk samanheng, då denne staden var eit møtepunkt for ulike ferdselsveggar i heia.

Det er ein stad som er nemnd i samband med krigshistorie (motstandsrøyrsla ved Kvinen) og i den tidlege turistnæringa med Turiststasjon på Kvinen. I mange skrift og bøker med lokalhistorisk tema, er skrivemåte på denne staden Donsen.

Det er òg denne uttale ein brukar i dei mange munnlege historier kring desse tema. Ein vurderer det difor som svært uheldig dersom den nye skrivemåte vert Dunsen, sidan dette er eit viktig stadnamn å ta vare på i lokalhistorisk samanheng.

Ut frå dei vurderingar som ligg bak vedtaket frå Statens kartverk, så framstår det for oss som om norsk rettskrivingsprinsipp har fått avgjerande vekt, medan den nedarva lokale uttalen av namnet har fått mindre betydning.

Sirdal kommune ber difor om at det vert teke omsyn til den lokale dialektuttale (av ordet dons / Donsen) og den lokalhistoriske tradisjon (med skriftlege og munnlege kjelder) som er knytt til dette stadnamnet.

Sirdal kommune ønskjer at skrivemåte for offentleg bruk vert: **Donsen**.


Med helsing frå

Gudrun Kristine Ovedal
Kulturkonsulent

Glenn Oliver Josdal
Leiar, utval for oppvekst og levekår

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Avsender: Sirdal kommune
Rådhuset
4440 Tonstad



149942-90-17

STATENS KARTVERK
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Klage på vedtak i navnesak 2015/14 Del 6 - skrivemåte DONSEN i Sirdal kommune

Vedlagt følger digital post fra Sirdal kommune.

Sirdal kommune har nå begynt å sende posten digitalt til innbyggere og virksomheter. Dette er i tråd med regjeringens digitaliseringsprogram - om digital kommunikasjon som førstevalg i samhandlingen mellom det offentlige, innbyggere og næringsliv.

Posten vil bli distribuert til mottakerens meldingsboks i Altinn, etter hvert også til innbyggerens valgte postkasse hos Digipost eller EBoks. Innbyggerne oppfordres til å oppdatere Kontaktregisteret. Dette er tilgjengelig både på www.altinn.no og www.norge.no. Innbyggerne vil da bli varslet via sms og e-post om at dokumentet kan leses i den valgte postkassen eller i Altinn. Bedrifter/organisasjoner kan lese dokumentet elektronisk i "Min meldingsboks" på <http://www.altinn.no> via rollen "Kommunale tjenester". Varsel sendes til registrert sms eller til e.post adresse.

Dokument som ikke er åpnet i Altinn innen 2 virkedager etter at det er tilgjengelig i meldingsboksen, blir skrevet ut og sendt via Posten.

Digitalt førstevalg - veien til raskere, enklere og sikrere samhandling med Sirdal kommune.

Med hilsen
Sirdal kommune
Spørsmål kan stilles til:
post@sirdal.kommune.no
Telefon: 38379000